

Årsmelding 2020

Revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka (Revisjonsprosjektet)

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Universitetet i Bergen

Revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka er eit femårig samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen (UiB) og Språkrådet. Prosjektet står for den første gjennomgåande innhaldsrevisjonen sidan desse to norske standardordbøkene først blei trykte i 1986. Dei tre viktigaste revisjonsoppgåvene er å sørge for at definisjonane er i tråd med moderne språkbruk, gjere utvalet av oppslagsord likare i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* og få inn nye ord og tydingar. Det er dessutan eit mål at Revisjonsprosjektet skal bidra til å byggje eit fast vitskapeleg fagmiljø i leksikografi ved Universitetet i Bergen.

Ved utgangen av 2020 er vi om lag halvvegs i Revisjonsprosjektet sin planlagde femårsperiode, og redaksjonen har vore gjennom første runde med revisjonsarbeid av rundt 1/3 av ordbøkene. Året har vore prega av koronasituasjonen med mykje bruk av heimekontor og vanskelegare arbeidstilhøve for leksikografane. For eit arbeidslag som er vant til felleskontor og å stadig hjelpe kvarandre til å fatte store og små avgjerder om korleis vi utfører arbeidsoppgåvene, er det uheldig når redaktørane blir sitjande lenge kvar for seg. Særleg i den første perioden med heimekontor såg vi at produktiviteten gjekk markant ned. I andre semester har vi gjort konkrete grep for å halde oppe tempoet med ei ny ordning med hurtigredigering, og trass i at vi måtte tilbake på heimekontora, har det etter forholda fungert godt. Ein tydeleg konsekvens av hurtigredigeringsordninga er at vi gjer stadig mindre med dei eksisterande artiklane. Revisjonsprosjektet har rapportert kvartalsvis til Språkrådet om framdrifta i arbeidet.

Revisjonsprosjektet har i 2020 nytt godt av ekstraløyvinga frå KUD på 2 millionar til ordbokprosjekta ved UiB. Løyvinga skulle brukast til å sjå dei to prosjekta i samanheng og bidra til å byggje det leksikografiske fagmiljøet ved UiB, og det meiner vi at vi har lukkast godt med. Med tanke på framtidig rekruttering har vi særleg vore opptekne av at fleire unge nordistar og lingvistar skulle få høve til å få erfaring med ordbokarbeid, og i avsnitt 8 blir det rapportert om korleis vi har disponert ekstraløyvinga.

Strukturen og overskriftene i rapporten byggjer på årsmeldingane frå 2018 og 2019, men det er lagt til to avsnitt: avsnitt 7 og 8.

1. Organisering og personale
2. Redigering
3. Leksikografifagleg samarbeid
4. Dataverktøy og korpus
5. Økonomioversikt
6. Medieoppslag og publikasjonar
7. Ordbokstatistikk
8. Ekstraløyving til Revisjonsprosjektet og NO-AH på 2 millionar

1. Organisering og personale

1.1 Lokalisering

Dei to ordbokprosjekta Revisjonsprosjektet og Norsk Ordbok *a–h* (NO-AH) held til på tre kontor vegg i vegg på Humanistisk fakultet. Det er viktig at prosjekta er samlokaliserte, og det er av stor verdi at vi fysisk held til i nærleiken både av administrasjonen på LLE og fagmiljøa i nordisk språk og lingvistik. Sjølv om leksikografamiljøet veks, og det er trøngt om plassen på HF, er det eit uttalt ønske frå leksikografane at vi framleis får ha arbeidsplassen vår på HF-bygget, då det er ein pågåande prosess å bli rekna som ein sjølvsgd og integrert del av den vitskaplege verksemda ved LLE.

1.2 Personale

Revisjonsprosjektet har sidan oppstarten 1. september 2018 hatt 5 fast tilsette leksikografar i 4,5 stilling: Anne Engø (100 %), Gunn Inger Lyse (100 %), Margunn Rauset (hovudredaktør og prosjektleiar, 100 %), Bente Selback (50 %) og Kari-Anne Selvik (100 %).

Prosjektplanane legg til grunn at Revisjonsprosjektet skal ha 5 årsverk, og frå januar 2020 fekk vi tilsett Marita Kristiansen i full stilling i to år for å dekkje opp for det halve årsverket vi har mangla. Nytt av året er òg at Rauset har eit overordna ansvar for begge ordbokprosjekta ved UiB, som eit ledd i bestillinga frå Kulturdepartementet om å sjå prosjekta i samanheng. For å kompensere for at hovudredaktøren ikkje får revidert artikkelar og å generelt styrkje Revisjonsprosjektet, tilsette vi Marie Lund Stokka i full stilling i 2020. Frå 1. januar 2021 går ho over i ei anna stilling på instituttet.

Klara Sjø er tilsett på Revisjonsprosjektet i 100 % frå 1. august 2020–31. juli 2021. I 2020 har stillinga hennar dekt opp for tiltaket med utviklingstid for leksikografane, som i hovudsak blei gjennomført på vårparten 2020, jf. avsnitt 8 om ekstraløyvinga. Ho blei difor i hovudsak lønna av ekstraløyvinga.

Ein av redaktørane har vore sjukmeld sidan april 2020, difor har Selback auka stillinga si til 70 %, og det held ho fram med i vårsemesteret 2021.

Terje Svoldal er leksikograf på Språksamlingane ved Universitetsbiblioteket (UB). Språksamlingane bidreg med rundt 50 % av arbeidstida hans til bolkrevidering på Revisjonsprosjektet. Om lag 25 % går til å følgje opp innspel og spørsmål frå brukarane og arbeid på tvers av ordbøkene og i ordbanken, og 25 % av arbeidstida til Svoldal går til NO-AH.

I siste kvartal 2020 hadde Revisjonsprosjektet på papiret 8,2 stillingar (inkl. den halve stillinga finansiert av Språksamlingane). I praksis gjekk ein del av arbeidet til fellestiltak for begge prosjekta og NO-AH. Ein stipendiat har bolkrevidering, undervisning i leksikografi og anna knytt til Revisjonsprosjektet som ein del av pliktarbeidet, men det er ikkje rekna inn som ein del av dei 8,2 stillingane. Talet på stillingar kjem truleg til å måtte gå ned i 2021.

Paul Meurer er tilsett som digital arkivar ved UB, med 40 % av stillinga tildelt til og finansiert av Revisjonsprosjektet. I 2020 har han halde fram arbeidet med å utvikle ulike redigeringsverktøy og korpussressursar, i tett dialog med leksikografane og språkteamet på IT-avdelinga.

Språkrådet bidreg årleg med i overkant av eitt årsverk til Revisjonsprosjektet. Redaksjonen er meir eller mindre i dagleg kontakt med sekretariatet i Språkrådet, særleg med seniorrådgjevarane Sturla Berg-Olsen, Knut E. Karlsen og Dagfinn Rødningen. Seksjonssjef Daniel Ims bidreg òg aktivt, mellom anna i normeringsspørsmål og på mange felles møte. Sekretariatet fattar fortløpande operative normeringsvedtak der redaksjonen kan vere i tvil om skrive- og/eller bøyingsmåten til eit ord, og i meir prinsipielle saker førebur dei tilsette der saker til handsaming i Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon. Dessutan bidreg dei jamleg til avklaringar som gjeld redaksjonsspråket i begge ordbøkene, dei er førstelinjeteneste for spørsmål til e-postadressa ordbokene@uib.no, og dei utfører mindre endringar i ordartiklar etter brukarinnspel. Det er avgjerande for kvaliteten på produktet at dei tre seniorrådgjevarane les sluttkorrektur på alle reviderte alfabetstrekk, og vi er glade for all god hjelp og støtte vi får frå desse medarbeidarane.

1.3 Prosjektleiing og -organisering

Styringsgruppa for standardordbøkene og ordbanken er sett saman av instituttleiari ved LLE, Anders Fagerjord og direktør i Språkrådet, Åse Wetås. Styringsgruppa hadde i 2020 eitt digitalt møte, 12. juni. UiB utfører revisjonsarbeidet med finansiering frå Kulturdepartementet via Språkrådet, som er den formelle prosjekteigaren. UiB og Språkrådet har dessutan eit felles arbeidsutval (AU) for standardordbøkene og ordbanken. I AU sit Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, Språkrådet), Knut E. Karlsen (seniorrådgjevar, Språkrådet), Peder Gammeltoft (fagleg leiar, Språksamlingane), Terje Svardal (leksikograf, Språksamlingane), Eirik T. Gullaksen (overingeniør, IT-avdelinga) og Margunn Rauset (prosjektleiari, Revisjonsprosjektet). AU hadde i 2020 eitt digitalt møte, 1. desember.

Overordna spørsmål som gjeld organisering av ordbokprosjekta, blir òg drøfta i styringsgruppa for Språksamlingane. Leiar for denne er Anders Fagerjord (instituttleiari, LLE), som har med seg Tore Tungodden (assisterande universitetsdirektør), Tore Burheim (direktør, IT-avdelinga), Maria-Carme Torras Calvo (avdelingsdirektør, UB), Steinar Vestad (seniorrådgjevar, universitetsdirektørens kontor), Jørgen Sejersted (dekan, HF), Tor Arne Haugen (instituttleiari, institutt for språk og litteratur, Høgskulen i Volda), Peder Gammeltoft (fagleg leiar for Språksamlingane, UB) og Randi Neteland (leiar for det nasjonale fagrådet for Språksamlingane, LLE). Styringsgruppa for Språksamlingane hadde møte 19. februar og 16. desember, og Rauset deltok på begge.

Rune Kyrkjebø er koordinator mellom Revisjonsprosjektet og Språksamlingane, i tillegg til å vere sekretær både for styringsgruppa for Språksamlingane og fagrådet for Språksamlingane. Kyrkjebø og Rauset har hatt vekefaste møte med prosjektleiari for NO-AH, Gyri Smørdal Losnegaard, og fagleg leiar for Språksamlingane. Dette er eit velfungerande og nødvendig forum så lenge den reint leksikografifaglege verksemda føregår på LLE, samstundes som Språksamlingane forvaltar ordbøkene og ordbokprosjekta er heilt avhengige av aktiviteten og kompetansen på Språksamlingane.

2. Redigering

2.1 Overordna problemstillingar vi har brukt tid på i 2020

Med dei stramme tidsrammene vi har, får ingen av redaktørane gjort så mykje med bolkaner som dei ønskjer, før dei må levere dei frå seg. I 2020 har vi sett opp ei ny felles prioriteringsliste, så det ikkje

blir opp til den enkelte redaktør kva ein legg vekt på å få gjort med ein bolk (dsv. eit alfabetisk strekk i ordbøkene):

1. Legg inn nyord (søk på bokstavkombinasjonar i Korpuskel leks, sjekk *Nyord i norsk* og listene frå Språkrådet om ord brukarar har etterlyst (og ev. NorGramBank-listene og lemmaliste frå NAOB).
2. Utjamning av grunnord i bruk etter 1970.
3. Vurder om artikkelen skal vere med og om skal han reviderast. Marker alle artiklar det finst skriftlege belegg på, men som er lågfrekvente og utdaterte, med «urevidert». Lemma vi ikkje kan dokumentere i skriftleg bruk, skal markerast med «foreslått utgått».
4. Utjamning av underartiklar
5. Strukturell opppydding (ved føringar som ikkje er i tråd med retningslinjene våre).
6. Arbeid med definisjonar:
 - vurdere definisjonane (innhald og struktur jamført med mønsterartiklar)
 - kople til riktig tydingsnummer i andre artiklar
 - leggje til nye tydingar
 - ta ut tydingar vi ikkje kan dokumentere i bruk (med mindre dei druknar i meir frekvente tydingar i korpus, så vi ikkje kan vere sikre)
 - lage likare definisjonar i dei to ordbøkene der semantikken er umotivert ulik
7. Leggje inn bruksdøme
8. Fjerne bruksdøme som ikkje er gode
9. Vaske artiklane mot redaksjonsspråklistene
10. Revidere artiklane til tradisjonsorda
11. Lage utjamningsartiklar til tradisjonsorda i den andre målforma, dersom ordet har vore i skriftleg bruk i både bokmål og nynorsk

For at brukarane verkeleg skal merke at det har skjedd ei fagleg utvikling av ordbøkene, meiner vi det må stå på ein udiskutabel førsteplass å få inn nytt ordtilfang. Det har sjølvstøtt blitt lagt til nye oppslagsord sidan førsteutgåvene, men det skal vise igjen at vi for første gong sidan 1986 gjer eit systematisk og korpusbasert nyordsutval (som ikkje berre fangar dei nye orda i språket, men at vi òg får med eldre ord som opplagt burde ha kome med for lengst, men som ikkje har blitt fanga opp i eit mykje spinklare redigeringsgrunnlag enn dei store korpusressursane vi har tilgjengelege no). Merk at vi har fått frekvenssorterte lister over lemma i NorGramBank og lemmalister frå NAOB for dei bokstavane vi i siste kvartal har arbeidd med. Desse er eit godt supplement til dei andre kjeldene våre, men erfaringa er at det viktigaste vi gjer for å få inn nytt tilfang, er å arbeide korpusbasert.

I prosjektsøknaden står det som eitt av tre hovudmål med revisjonen er at utvalet av oppslagsord skal bli likare i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Med mindre det er snakk om reelle målformskilnadar, skal grunnord som er i bruk etter 1970, vere med i begge, men vi utjamnar ikkje på autopilot samansetjingar. Vi undertrykkjer ein god del samansetjingar frå visning, men tek med somme vidare og legg ofte til andre, slik at utvalet av samansetjingar òg blir parallelt.

Som det går fram av dei tidlegare årsmeldingane, har redaksjonen sett 1970 som rettleiande tidsramme, og at standardordbøkene dermed skulle dokumentere det vanlegaste ordtilfanget i bokmål og nynorsk dei siste 50 åra. Det meiner vi er ei rimeleg tolking av samarbeidsavtalen mellom UiB og Språkrådet: «Føremålet er å sikre at [Bokmålsordboka] og [Nynorskordboka] blir drivne slik at dei ligg føre som ei varig, stabil, fritt tilgjengeleg og gratis publikumsteneste over internett, som kjelde til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om normert rettskriving og om vanleg språkbruk for skriftmåla nynorsk og bokmål.»

Fram til juni undertrykte redaksjonen ein god del artiklar med oppslagsord som ikkje er brukte i skriftlege tekstar etter 1970, frå ordbokvisninga. Vi meiner det er dokumentasjonsordbøkene *Norsk Ordbok* og NAOB som best gjer greie for det eldre og mindre brukte norske ordtilfanget, og det er eit gjennomgåande trekk at desse artiklane er svært knappe og lite informative i standardordbøkene. Språkrådet meiner at for mykje av det talemålsprega tradisjonstilfanget i *Nynorskordboka* forsvann med desse utvalskriteria, og vi har fått beskjed om å la tradisjonsord stå dersom vi i det heile kan finne skriftlege belegg – uavhengig av kor gamle kjeldene er – enten i våre eigne korpussamlingar eller på bokhylla.no. Redaksjonen meiner det er svært uheldig at Språkrådet overkøyrrer redaksjonen i spørsmål om ordutval i ordbøkene, og at ein slik instruks om å endre utvalskriterium kom halvvegs inn i prosjektperioden.

Ei anna viktig revisjonsoppgåve er å sørgje for at definisjonane er i tråd med moderne språkbruk, men vi har ikkje tilstrekkeleg tid til å finne nye tydingar og å forbetre definisjonane. Vi ser ofte at definisjonane gjerne treff litt på sida av den reelle språkbruken vi kan observere i korpus, og vi kan flikke litt, men leksikografane peikar ofte på at dei gjerne skulle gått djupare inn i denne oppgåva.

Ei arbeidsoppgåve som smertar litt at vi ikkje kan gjere meir av, er å fornye bruksdøma og leggje inn fleire døme. Det er særleg her at vi kunne nytt godt av å ha definert ordbøkene som heildigitale, for no treng vi ikkje lenger ta plassomsyn. Ordbokbrukarane, særleg dei som ikkje har norsk som morsmål, etterlyser fleire bruksdøme, og dei som ligg der frå før, er gjerne i overkant knappe og ofte prega av å ikkje vere heilt nye. Vi har måtte sette dette relativt langt nede på prioriteringslista, men vi håpar at framtidige redaktørar, etter 2023, kan halde fram med å leggje til fleire og betre døme.

Trass i at vi gjerne skulle hatt betre tid til enkeltartiklar og bolkar, er det likevel ikkje tvil om at dei reviderte strekka har blitt kraftig forbetra. Mykje nytt har kome til, vi ryddar og samkøyrrer, og ikkje minst kan brukarane i mykje større grad enn tidlegare rekne med at det som er av forskjellar mellom *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, faktisk speglar målformforskjellar og ikkje vilkårlege forskjellar i kjeldegrunlaget.

2.2 Omlegging av rutinar

Etter å ha kome opp på gode tal påbegynte bolkar i starten av året, blei framdrifta i mars, april og mai kraftig hemja av heimekontorsituasjonen. Redaktørar med utviklingstid og ei sjukmelding forsterka dette bildet. Revisjonsprosjektet nyt godt av ekstraløyvinga, men vi må likevel gjere stadig mindre med dei eksisterande artiklane, basert på at vi no er inne i siste halvdel av prosjektperioden og at 2/3 av arbeidet står att. Etter 2. kvartal låg vi ni bolkar bak framdriftsplanen, og redaksjonen bestemte i august at vi må gjere nokre grep for å få betre progresjon.

Redaktørar i full stilling får med den nye hurtigredigeringspraksisen berre tre veker på å revidere éin bolk, kollegalese ein annan og rette opp ein bolk ein har fått kollegalest eller sluttkorrekturlest i Språkrådet. Dette gjorde vi trass i at feire redaktørar allereie før dette tiltaket blei innført rapporterte om slitasje ved å ha så høge krav til framdrift (og ubehag ved å ikkje nå måla) sett opp mot kva dei oppfattar som fagleg forsvarleg praksis.

At vi trass i nye periodar med heimekontor, som redaktørane framleis karakteriserer som negativt både fagleg og sosialt, likevel klarer å halde tempoet oppe, heng truleg tett saman med den

strammare tidsstyringa, og at redaktørane leverer bolkane frå seg etter tre veker, sjølv om dei definitivt kunne lagt meir arbeid ned i dei. Det er konsensus i gruppa om at det er nødvendig å gjere det slik, og somme har peika på det som eit positiv grep som gjer at ein ikkje blir sitjande og vurdere når bolken er god nok til å sende frå seg.

2.3 Talmateriale som illustrerer korleis redaksjonen arbeider

Redaksjonen har vore gjennom rundt 25 000 artiklar (av 65 000) i *Bokmålsordboka*, mot 30 000 (av 90 000) i *Nynorskordboka*. Tabell 1 viser at *Bokmålsordboka* veks mest, slik ho skal gjere.

Der er det om lag like mange heilt nye artiklar som artiklar som har blitt oppretta fordi artikkelen låg inne i *Nynorskordboka* frå før. Når det gjeld faste uttrykk (såkalla underoppslag), er den største veksten i *Nynorskordboka*, og tala viser at redaktørane legg relativt mykje arbeid ned i å forbetre ordbøkene på dette området.

Artiklar	Bokmålsordboka	Nynorskordboka
Heilt nye artiklar	2996	2853
Utjamning mellom ordbøkene	2949	1433
Tomme artiklar som har fått definisjon	862	1065
Nye underoppslag	1433	1755
Status utgått	1671	3903
Status foreslått utgått	442	1306
Urevidert	54	807

Tabell 1: Artiklar med ulike markeringar i BOB og NOB

Fram til juni sette redaktørane status *utgått* på artiklar vi meiner ikkje er godt nok belagde i tekstar frå dei siste 50 åra. Etter juni set vi status *foreslått utgått* fram til artikkane har vore gjennom heile kvalitetssikringsrunda. Ved ferdigstilling av ein bolk blir denne endra til status *utgått* om artikkelen faktisk skal undertrykkast frå visning.

Ein konsekvens av at vi ikkje har tid til å arbeide ordentleg med alle artikkane, er at vi markerer svakt belagde lemma med statusen *urevidert* og let artikkane stå som dei er. På denne måten kan framtidige redaktørar av standardordbøkene enkelt finne dei igjen og enten forbetre eller undertrykkje dei. Redaksjonen ser helst at desse artikkane får ei eller anna form for markering i nettvisninga.

2.4 Framdriftsstatus


Ordbøkene er delte inn i 298 alfabetiserte bolkar, og etter framdriftsplanen skulle vi vore ferdige med førstegongsrevidering til og med bolk 116 ved utgangen av 2020, jf. tabell 2. «Fasiten» er at vi kom til bolk 92.

Bolknr	Bolkar BOB	Bolkar NOB	Arbeid
1–33	a – dalte	A – dalt	2018/2019
34–74	dam – galon	dam 1 – galonere	vår 2020
75–116	galopp – kapellmester	galopp – kapellmeister	haust 2020
117–157	kaper – miste	kaper – miste	vår 2021
158–199	misteltein – ro 4	misteltein – ro 4	haust 2021
200–232	ro 5 – spradebasse	ro 5 – spradebasse	vår 2022
233–265	spraglet – turtall	spraglete – turtal	haust 2022
266–298	turteldue – åvokster	turte – åvokster	vår 2023

Tabell 2: Framdriftsplan for førstegongsrevidering, justert januar 2020

2020 starta svært godt med to nye medarbeidarar og stor tru på at vi skulle arbeide inn etterslepet vi hadde jamført med framdriftsplanen for prosjektet. Korona og heimekontor er svært uheldige ytre omstende som har gjort det umogleg for oss å nå det målet. Ein stabil og godt etablert ordbokredaksjon kunne kanskje unngått å bli særleg prega av dette, men for oss som framleis stadig kjem bort i nye problemstillingar og til saman har fått tre nye redaktørar i løpet av året, har det hatt klart negative utslag.

Der vi i februar starta på sju nye bolkar, førstegongsreviderte vi i snitt fire bolkar i heimekontor-perioden mars, april og mai:



Figur 1: Talet bolkar redaktørane har starta på per måned september 2018–desember 2020

Eit kjenneteikn ved leksikografisk arbeid er alle konvensjonane som gjer at artiklane skal spegle fellespraksisen i redaksjonen, ikkje den enkelte redaktør. Sjølv om vi har lagt mykje arbeid ned i redigeringshandboka vår, finn ein langt frå svar på alt der. Dette er grunnen til at redaktørane heilt frå starten har insistert på felleskontor, som opnar for ein løpande samtale om korleis vi løyser små og store faglege spørsmål. Når vi må vere på heimekontor, har vi har prøvd å leggje til rette for faglege dialog i chatterom i Teams, oppfordra til å ringje kvarandre og gjennomført digitale redaksjonsmøte ein gong i veka, men det er ein høgare terskel for å t.d. stille spørsmål i chatten enn å snu på hovudet og be om ei vurdering frå ein kollega på felleskontoret. Fleire redaktørar melder difor om at dei blir

sitjande lenger og gruble og vurdere før dei eventuelt kontaktar ein kollega digitalt enn dei er vande med frå kontoret.

Det er uansett mykje å setje seg inn i som ny leksikograf, men dei nye medarbeidarane våre har fått ein særleg krevjande start når dei i såpass stor grad har blitt sitjande åleine med arbeidsoppgåvene. Det er imponerande korleis dei har takla dette, og dei meir erfarne redaktørane skal ha ros for rask omstilling til heildigitalt samarbeid. Redaktørane strekkjer seg langt for å hjelpe og støtte kvarandre, men heimekontorsituasjonen er ikkje bra for produktiviteten.

På styringsgruppemøtet i juni blei vi einige om at vi publiserer bolkar i nettordbøkene etter kvart som vi ferdigstiller dei. Eit positivt trekk er at vi fekk publisert fleire bolkar på nett i haustsemesteret enn nokon gong før, samstundes som vi fekk opp igjen tempoet på førstegangsredigeringa. Vi skal heller ikkje gløyme at der vi i 2019 førstegangsreviderte 23 bolkar, var det tilsvarande talet for 2020 58. Sjølv om ambisjonen var endå høgare, er ein auke på 150 % førstegangsreviderte bolkar ikkje eit dårleg resultat i eit koronaår.

3. Leksikografifagleg samarbeid

3.1 Samarbeid med andre fagmiljø

3.1.1 Samarbeid med andre ordbokprosjekt

LEXIN: Redaksjonen tok kontakt med LEXIN-miljøet ved OsloMet for å høyre om dei er interesserte i fagleg samarbeid og erfaringsutveksling. Planen var at 2–3 LEXIN-redaktørar skulle kome til Bergen, men det enda med at vi tok eit digitalt møte 23. november med fire redaktørar frå LEXIN, seks frå Revisjonsprosjektet og NO-AH og den digitale arkivaren. Føremålet var å bli betre kjende med kvarandre sine prosjekt, kva kjeldegrunnlag og leksikografiske verktøy vi brukar, og dei ville høyre om våre erfaringar som Elexis-observatørar. Det blei eit fruktbart møte der vi kunne dele ein del konkrete ressursar og tips om korleis ein kan nytte dei.

MIDLAT: Universitetsbiblioteket ved UiB er partner i ein NFR-søknad om å vidareutvikle eit korpus av norske latintekstar fram til reformasjonen og fullføre *Ordbok over norsk mellomalderlatin*. Peder Gammeltoft representerer UiB, og dei andre partnerane i samarbeidet er Nasjonalbiblioteket, Det Norske Akademi for Språk og Litteratur/NAOB og Det Norske Videnskapsakademi. UiB har planlagt ein workshop om leksikografisk metode som vi skal ha ansvar for.

Giellatekno, forskingsgruppa for samisk språkteknologi: Redaksjonen er i kontakt med Trond Trosterud og det språkteknologiske miljøet ved UiT Noregs arktiske universitet. Trosterud var på besøk i redaksjonen i 2019, men i 2020 har vi berre hatt telefonisk kontakt ved eit par høve.

NAOB: Redaksjonen har hatt jamleg kontakt, inkludert eitt fellesseminar, med NAOB-redaksjonen sidan oppstarten av Revisjonsprosjektet i 2018, jf. dei føregåande årsrapportane. I 2020 blei vi kontakta av Helge Dyvik på vegner av Akademiet og koordinerande leksikograf Carina Nilstun med framlegg om korleis vi kunne gå vidare med dette samarbeidet. Bakgrunnen er språkløvsproposisjonen og føringane i dei siste statsbudsjetta. Dette er dei konkrete tiltaka vi sette i verk:

- Vi har oppretta ein felles digital møteplass for NAOB, Revisjonsprosjektet og NO-AH i plattformen Teams.
- Vi har oppretta eit delt dokument der alle redaktørane kan notere ned spørsmål og merknadar når vi oppdagar feil eller noko vi stussar på i kvarandre sine ordbøker.
- Revisjonsprosjektet fekk lemmalistene til NAOB, inkl. oversikt over dei faste uttrykka, på dei bokstavane vi arbeidde med i siste kvartal. Avtalen er at vi får fleire når vi etterlyser dei, etter kvart som vi arbeider oss gjennom alfabetet.
- UiB skal arrangere den nordiske konferansen i leksikografi i Bergen i 2023. NAOB-redaktør Hanne Lauvstad er invitert med i arrangementskomiteen.

NAOB har òg lufta tanken om ein felles ordbokportal for standardordbøkene og dei to dokumentariske ordbøkene NAOB og *Norsk Ordbok*. Ei slik løysing vil krevje at alle som er inne på eigarsida av desse ordbøkene (UiB, Språkrådet og Det Norske Akademi for Språk og Litteratur), ønskjer og stiller seg bak henne.

3.1.2 Innlegg på seminar, konferansar og liknande

Gammeltoft, Peder, Kristin S. Kjos og Terje Svardal: «Språk som ressurs – kva kan Språksamlingane bidra med?» Fagleg-pedagogisk dag ved UiB 2020-01-31 kl. 09.15–11.00.

Lyse, Gunn Inger og Terje Svardal. ««Den raude rase» og «negerfolk»: Om kontroversielle ord og nemningar i Bokmålsordboka og Nynorskordboka». Symposium LexicoNordica 2020: Kontroversielle ord i nordiske ordbøker. 20.–22.02.2020.

Rauset, Margunn. «Kvifor glimrar visse frasar med sitt fråvære i standardordbøkene? Fraseforskning med utgangspunkt i det leksikografiske materialet i Språksamlingane». Fagleg seminar for språksamlingane. 19.–20.11.2020.

Gunn Inger Lyse og Terje Svardal skulle ha halde innlegg på forskargruppeseminar i nordisk språk 12. mars, men det blei avlyst. Det blei ikkje gjennomført fleire forskargruppeseminar etter dette i 2020.

3.1.3 Diverse

Fagmiljøet i nordisk språk tok initiativ til felleslunsj for ordbokprosjekta, språksamlingsmiljøet og dei tilsette på nordisk språk ein gong i månaden. Dette var hyggjeleg dei to gongane vi fekk gjennomført det i januar og februar, og vi håpar å ta opp igjen denne tråden når vi fysisk kan samlast på HF-bygget igjen.

3.2 Kompetansehevingstiltak

Vi hadde uansett tenkt å trappe ned reise- og innleggsverksemd i 2020, for å fokusere på bolkrevidering. Det vi likevel hadde lagt inn i planane av kompetansehevingstiltak, ei vekes intensivopplæring i leksikografisk og datalingvistisk metode i Cambridge for dei nye leksikografane på

prosjektet i september og eit internseminar for redaksjonen i november, blei begge utsette på grunn av korona. Sjå elles avsnitt 8 om fagleg utvikling av leksikografamiljøet.

4. Dataverktøy og korpus

Ordbøkene køyrer framleis på den gamle Oracle-databasen frå UiO, men den nye tekniske løysinga skal vere på plass i første kvartal i 2021. Då får vi òg ei ny nettvisning av standardordbøkene, i første omgang som ein betaversjon vi kan køyre parallelt med den gamle visninga. Det som blir utvikla av IT-løysingar for Revisjonsprosjektet no, skal byggjast vidare på for å stette behova for *Norsk Ordbok* (og potensielt andre ordbokprosjekt) i neste runde.

Sidan 9. mars har prosjektleiar og leksikografen på Språksamlingane delteke på (digital) workshop med utviklarane IT-avdelinga og den digitale arkivaren Paul Meurer annankvar veke. Den datatekniske utviklinga tek tid, men det er samstundes viktig at leksikografane er tett på utviklarane.

4.1 Korpus

Vi er avhengige av eit stort og breitt samansett kjeldegrunnlag for å få god kvalitet på ordbøkene. I dag inneheld nynorskdelene av korpusverktøyet Korpuskel leks rundt 180 millionar ord, medan bokmålsdelen inneheld 2,6 milliardar ord, med andre ord utgjer nynorskressursane under 6,5 % av det samla korpusmaterialet vårt. Det er difor ei prioritert oppgåve å få inn meir nynorsk materiale. I 2020 blei det difor inngått avtale mellom Universitetsbiblioteket/Språksamlingane om å utvide Nynorsk korpuset med alt innhaldet i det nynorske nettleksikonet Allkunne og heile årgangar med alle publikasjonar frå Samlaget.

Lars Johnsen ved Nasjonalbiblioteket har utvikla ein app til Revisjonsprosjektet:

<https://share.streamlit.io/yoonsen/ordboksprosjektet/master/ordbok.py> Appen viser det digitale materialet på Nasjonalbiblioteket på ein måte som er meir formålstenleg for oss enn visninga på bokhylla.no. Ressursen kompletterer våre eigne samlingar og er spesialtilpassa behova våre.

4.2 Redigeringsapplikasjonar

Den digitale arkivaren har i 2020 arbeidd med redigeringsapplikasjonen til standardordbøkene, slik at han fungerer saman med den nye tekniske løysinga som IT-avdelinga arbeider med. Det blir nokre endringar, men det kjem ikkje til å bli ein stor overgang for leksikografane å gå over på ny databaseløysing, då redigeringsapplikasjonen på toppen er ei vidareutvikling av den vi har brukt sidan 2019.

4.3 Ny visning av standardordbøkene

Språksamlingane har engasjert Netlife til å gjennomføre brukarundersøkingar og kome med eit forslag til utsjånad og funksjonalitet på den nye ordboksida. Dei har djupneintervjua eit knippe brukarar med ulikt dugleiksnivå i ordbokbruk og norsk, og seinare skal dei leggje til ei digital

spørjeundersøking på betaversjonen av den nye ordbokside. Målet i denne runden er å lage ei velykka side for *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, men mykje skal òg kunne gjenbrukast i ei framtidig visning av *Norsk Ordbok* og andre språksamlingsressursar. Tanken er at ein skal leggje til rette for at det er mogleg å søkje på tvers av ordbøkene, dersom dei involverte partane ønskjer det. IT-avdelinga ved UiB skal implementere forslaga Netlife kjem med.

5. Økonomioversikt

Prosjektet sin økonomi består, ut over tildelinga frå departementet, av eigenbidrag som UiB og Språkrådet har lagt inn. For UiB sin del er den største bidragsytaren utanom departementstildelinga Språksamlingane. Språksamlingane sitt budsjett er administrert av UB, under strategisk leing av Styringsgruppa for Språksamlingane.

Budsjett og rekneskap for prosjektnummer 812970 Revisjonsprosjektet, per 31.12.2020:

Utgiftskategori (b/r)	Budsjettal	Rekneskapstal	Avvik (b-r)
5 Arbeid utført	6 279 074	4 257 571	2 021 503
6, 7 og 8 Driftskostnader	130 232	3454	126 778
9 Interne transaksjonar	-1 549 382	681 211	-2 230 593
Sum totalt	4 859 924	4 942 236	-82 312

Tabell 3: Rekneskapstal frå HF-fakultetet, UiB

Prosjektet har brukt om lag 430 000 kroner meir enn departementsløyvinga på 5,46 millionar i lønnsmidlar (+ overhead) til redaktørar. Samstundes har vi brukt langt mindre av driftsmidlane og til digital arkivar enn budsjettert, så totalt har vi brukt i overkant av 80 000 meir enn disponible midlar for 2020. Desse tala er ikkje fullstendige, for prosjektet har ikkje fått tilbakeført sjukemeldingspengar frå NAV, så vi har i realiteten meir å gå på enn oversikta viser.

Bidraget til Språksamlingane (UB) for 2020 fordeler seg slik:

Bidrag	Budsjettert utgift
50 % av eit årsverk leksikograf	407 970
50 % av eit årsverk koordinator	400 000
Sum	807 970

Tabell 4: Språksamlingsbidrag til Revisjonsprosjektet i 2019

6. Medieoppslag og publikasjonar

6.1 Medieoppslag med redaktørar i Revisjonsprosjektet

Berg, Rasmus Gorset. 2020. «Språkblanding i høyere utdanning byr på problemer: Språkrådet har undersøkt hvordan blanding av norsk og engelsk påvirker eksamensresultater». Artikkel i Universitas 04.02.2020: <https://universitas.no/sak/66604/sprakblanding-i-hoyere-utdanning-byr-pa-problemer/>

Brottveit, Kjetil A. 2020. «– Ordet campus er ein påfugl». Spalta *Aldri anna enn språk* i Forskerforum 19.11.2020: <https://www.forskerforum.no/ordet-campus-er-ein-pafugl/>

Gammeltoft, Peder, Gyri Smørdal Losnegaard, Johan Myking og Margunn Rauset. 2020. «Uønskt vestlandsopprør om Språkrådet: Vi støttar ikkje kravet om at Språkrådet må flyttast til Bergen, og vi er overraska over at saka kjem opp igjen no». Debattinnlegg i Bergens Tidende 25.10.2020: <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/kRjKbL/uoenskt-vestlandsopproer-om-spraakraadet>

Flølo, Julianne, Seline Larsen og Sjur Mikal Dolve. 2020. «Vil kvitte seg med bokmål for å spare pengar: Den siste bokmålsskulen i nynorskbastionen Sogn og Fjordane kan snart vere historie. – I særklasse, seier språkforskar.» Artikkel på nrk.no 19.11.2020: <https://www.nrk.no/vestland/vil-kvitte-seg-med-bokmal-for-a-spare-pengar-1.15249331>

På Høyden. 2020. «Fornøyde med ordbokstøtte». Kortnytt 07.10.2020: <https://pahoyden.no/margunn-rauset-ordbokene-statsbudsjettet/fornoyde-med-ordbokstotte/102078>

Siemer, Anna. 2020. «WTF is... Bokmål and Nynorsk? Learning the language of the country you are visiting is the best step to feel less foreign. But be prepared that there is not one Norwegian language. Here is the reason». Artikkel i Studvest 11.11.2020: <https://www.studvest.no/wtf-is-bokmal-and-nynorsk/>

Strand, Hilde Kristin. 2020. «Jublar over språkgåve: Det norske fagspråket får eit løft når regjeringa føreslår å bruka 4 millionar kroner til ein termportal. Språksamling-miljøet i Bergen jublar». Artikkel i Khrono 21.10.2020: <https://khrono.no/jublar-over-sprakgave/525129>

Strand, Hilde Kristin. 2020. «Seier nei til at Språkrådet flyttar: Politkarane i Vestland vil flytta Språkrådet til Bergen. Dårlig idé, seier fagmiljøet i byen.» Artikkel i Khrono 22.10.2020: <https://khrono.no/seier-nei-til-at-sprakradet-flyttar/525709>

Øvrebø, Gro Malnes. 2020. «Ordbokmiljøet veks. Nye arbeidsplassar og engasjerte studentar sikrar og utviklar norsk rettskriving.» Artikkel i På Høyden 05.10.2020: <https://pahoyden.no/det-humanistiske-fakultet-margunn-rauset-ordbokene/ordbokmiljoet-veks/100849>

6.2 Publikasjonar frå redaktørar i Revisjonsprosjektet

Kristiansen, Marita. 2020. *Parallellspråk og språkpolitikk i UH-sektoren. Status og vyer*. Språkrådets skrifter 2020 (7). Oslo: Språkrådet 2020, 88 s. https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/sprakradets_skrifter_nr7.pdf

Lyse, Gunn Inger. 2020. «Ut med adamsslekt og inn med arveprinsesse? Leksikografiske metodar i revisjonen av BOB og NOB». I: Sandström, Caroline et al. (red.): *Nordiska studier i lexikografi, Rapport frå 15 konferensen om lexikografi i Norden*. Helsingfors: Nordisk Förening för lexikografi, s. 215–224.

Lyse, Gunn Inger og Terje Svoldal. 2020. ««Den raude rase» og «negerfolk»: kontroversielle ord i Bokmålsordboka og Nynorskordboka». I: *LexicoNordica 2020*, nr. 27, s. 77–96.

Paulsen, Mikkel Ekland. 2020. «Svartsjuk tankelesing på vandresafari – en modell for bedømmelse av sammensatte ords gjennomsiktighet». I: *LexicoNordica 2020*, nr. 27, s. 161–182.

Rauset, Margunn og Johan Myking. 2020. «Norsk Ordbok no og i framtida (og i nær fortid)». I: Almenningen, Olaf et al. (red): *Leksikografen frå Leksвика*. Festskrift til Laurits Killingbergtrø på åttiårsdagen 20. februar 2020. Oslo: Novus Forlag, s. 167–173.

Selback, Bente. 2020. ««Å nei, det ordet er ikkje lov på nynorsk!» Eller ...? Om parallell redigering av to norske ordbøker». I: Sandström, Caroline et al. (red.): *Nordiska studier i lexicografi, Rapport från 15 konferensen om lexicografi i Norden*. Helsingfors: Nordiska föreningen för lexicografi, s. 297–305.

Selback, Bente. 2020. ««Noko gammalt, noko nytt ...» Om revisjonen av Bokmålsordboka og Nynorskordboka». Språkprat. <https://sprakprat.no/2020/09/24/noko-gammalt-noko-nytt/>

7. Ordbokstatistikk

	Bokmålsordboka på nett	Nynorskordboka på nett	Fellessøk på nett	Appen Ordbøkene	I alt
2017	4 750 263	6 549 480	23 132 540	2 000 000*	36 432 283
2018	4 356 708	6 680 883	22 952 837	11 390 402	45 420 246
2019	4 246 280	6 681 626	22 600 759	20 222 062	53 750 727
2020	4 986 187	6 783 243	25 958 732	20 000 000*	57 728 162

Tabell 5: Tal på søk i nettordbøkene og i appen Ordbøkene i 2017–2020

* søkjetal for appen Ordbøkene er estimat for 2017 og 2020

Etter at vi har sett ein svak nedgang i bruken av nettordbøkene på ordbok.uib.no i nokre år, parallelt med at fleire har teke i bruk appen Ordbøkene, var det ein pen vekst i antal søk i nettordbøkene på 12,5 % i 2020 (frå 33 528 665 til 37 728 162). Auken omfattar både dei som vel å berre bruke éi av ordbøkene (altså søk i enten *Bokmålsordboka* eller *Nynorskordboka*) og bruk av standardoppsettet med søk i begge ordbøkene samstundes (i tabellen kalla *fellessøk på nett*).

Statistikken for nettordbøkene ligg open tilgjengeleg: <https://ordbok.uib.no/per/ordbokstatistikk.cgi>


Appen Ordbøkene er utvikla av Giant Leap, som skriv dette i årsrapporten for 2020: «Grunnet manglende gjennomføring av migrering fra Fabric til Firebase (nytt analyseverktøy), har vi ikke tall på antall søk vi appen for året 2020 (Android og iOS). Migreringen er nå gjennomført for både Android og iOS slik at tall for antall søk via appen for Q1 2021, vil belyses i neste kvartalsrapport. Når det er sagt er det rimelig å anta at dette har gått noe ned, gitt at antall nedlastinger per plattform også har gått noe ned i 2020 sammenlignet med 2019.»

Vi deler ikkje utan vidare den siste vurdering til Giant Leap om at ein på grunnlag av eit minkande tal på nedlastingar kan rekne med lågare søkjetal. Frå 2018 til 2019 gjekk talet på nedlastingar ned med vel 15 %, samstundes som talet søk gjekk opp med over 75 %. Aktive brukarar av appen treng ikkje laste han ned på ny kvart år, så sjølv om nedgangen i nedlastingar frå 2019 til 2020 er på rundt 20 %, gjer den markante oppgangen i søk i 2019 at vi likevel ikkje trur det er grunn til å rekne med at det

har blitt utført færre søk i 2020 enn året før. Tvert om reknar vi det som eit svært forsiktig anslag at brukstala for appen heldt seg stabile på rundt 20 millionar søk.

År	iOS	Android	Totalt	Søkjetal totalt
2018	20 213	17 972	38 185	11 390 402
2019	15 600	16231	31 831	20 222 062
2020	11 743	13 890	25 633	Anslag: 20 mill.

Tabell 6: Nedlastingar av dei to versjonane av appen (iOS og Android) og søkjetal i 2018–2020



Figur 2: Tal på søk i standardordbøkene på nett og i appen 2017–2020

8. Ekstraløyving til Revisjonsprosjektet og NO-AH på 2 millionar

Denne delen av årsmeldinga står òg i rapporten for prosjektet NO-AH for 2020.

Ekstraløyvinga har eit todelt føremål: 1) UiB skal sjå Revisjonsprosjektet og NO-AH i samanheng og 2) midlane skal bidra til å byggje eit vitskapleg fagmiljø i leksikografi ved UiB.

8.1 Rekneskap

Utgiftskategori (b/r)	Budsjettal	Rekneskapstal	Avvik (b-r)
Arbeid utført	2 000 000	0	2 000 000
1 redaktør (komp. for Rauset + styrke Rev.pro)	0	527 581	-527 581
4 vitskaplege assistentar	0	390 674	-390 674
Masterstipend	0	12 500	-12 500
1 redaktør (komp. for utviklingstid)	0	212 664	-212 664
Høgskulen i Volda	0	100 000	-100 000
Overhead	0	735 097	-735 097
Sum totalt	2 000 000	1 978 516	21 484

Tabell 7: Rekneskap for ekstraløyving til ordbokprosjekta ved UiB i 2020.

Merknad til sluttsum avvik: Av dei resterande 21 484 kr skal 12 500 gå til siste utbetaling av masterstipend (estimert til sommaren 2021).

8.2 Overordna leiar for ordbokprosjekta

Det viktigaste enkeltgrepet for å sjå prosjekta i samanheng var å tilsetje ein ekstra leksikograf på Revisjonsprosjektet, slik at Rauset har kunne fungere som ein overordna leiar for begge prosjekta. I praksis betyr det at Rauset m.a. har vore med på møte om NO-AH og leksikografi generelt, i tilsetjingsprosessen av prosjektleiar/hovudredaktør for NO-AH og som samtalepartner for Gyri Smørdal Losnegaard frå ho var på plass 1. august. Det har dessutan vore ein god del arbeid knytt til å administrere ekstraløyvinga.

Resultat: At redaktørstaben på Revisjonsprosjektet blei styrkt, var eitt av fleire grep som gjorde at talet på førstegangreviderte bolkar i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* steig med 150 % frå 2019 til 2020. At det har vore ein overordna prosjektleiar som har kunne utarbeide ordningar og setje i gang tiltaka på ekstraløyvinga, har kome begge prosjekta til gode.

8.3 Vitskaplege assistentar

Ein måte å byggje eit vitskapleg fagmiljø er ved å la fleire studentar og nyutdanna få erfaring med ordbokarbeid. Leksikografen som kompenserte for Rauset, var i den kategorien, då ho akkurat hadde fullført ein master i nordisk språk.

Vi meiner dessutan at det var eit svært heldig grep at vi tilsette fire vitskaplege assistentar i åtte veker i sommarferien. To av dei arbeidde med oppgåver knytte til Revisjonsprosjektet og to med oppgåver knytt til NO-AH. I seg sjølv er det viktig at vi fekk inn 38 søknader som i all hovudsak inneheldt gode grunngjevingar for kvifor studentar og andre med språkvitskapleg bakgrunn ønskte å arbeide med ordbøker i sommarferien.

Resultat: Dei to vitskaplege assistentane på Revisjonsprosjektet gjekk gjennom uttalefeltet og etymologien i bolk 1–100. Dei gjorde ikkje grundige vitskaplege undersøkingar, men desse felte er no likare i dei to ordbøkene og i tråd med reglane redaksjonen har sett opp. Som eit effektiviserings-tiltak har ikkje redaktørane sett på uttale og etymologi i bolkrevideringa, men no har også desse felte fått seg eit nødvendig løft. Assistentane jobba med kvar sine bolkar og korrekturleste kvarandre i etterkant. I tillegg samordna dei bøyingsinformasjonen til adjektiv i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, så når *dieseldriven* kjem som oppslagsord i *Nynorskordboka*, kjem det ikkje til å stå med superlativforma *dieseldrivnaste*. Til slutt arbeidde dei òg med fleire semantiske felt, laga mønsterartiklar og sørge for redaksjonell konsistens i visse artiklar på tvers av alfabetet.

Dei to vitskaplege assistentane på NO-AH fann normert skriftform og normert ordklasse for ordlista i [Gaugamål. Ord og uttrykk frå Sandnes](#) (1999), s. 15–141. Assistentane registrerte også setlar frå arkivet til Reidar Djupedal med setelapplikasjonen, mest på bokstaven *a*. Dei skreiv inn ord og la inn heimfestingar og kjelder som stod på setlane, fann normert skriftform og ordklasse. Etter kvart blei det bestemt at dei skulle skrive inn heile dømeteksten frå dei handskrivne setlane og merke

bokmålssetlane med Dbm. Dei laga òg eit oversyn over kjeldeforkortingane til Reidar Djupedal. Til slutt utførte dei ein av fleire typar kvalitetskontroll, såkalla kryssjekk, av til saman sju bolkar i a-strekket i *Norsk Ordbok*.

Dei fire assistentane gav gode skotsmål til miljøet og var særleg fornøgde med at dei hadde fått prøve seg på fleire og varierte arbeidsoppgåver i løpet av dei åtte vekene.

8.4 Masterstipend

Eit siste studentretta tiltak var å lyse ut masterstipend til eit prosjekt som skulle ha relevans for minst ei av dei tre ordbøkene *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka* og *Norsk Ordbok*. Vi lyste ut to stipend, men delte berre ut eitt, til ein lektorstudent på nordisk språk ved UiB. Studenten nytta seg av høvet til å levere inn ei skisse før den endelege søknaden. Ordbokmiljøet kommenterte skissa, og slik fekk vi sikra tydlegare leksikografisk relevans i masterprosjektet. Stipendet er på til saman 25 000 kroner: 12 500 blei utlevert ved avtaleinngåing, og studenten får dei resterande 12 500 etter sensur, om visse vilkår er oppfylte.

8.5 Utviklingstid

Redaksjonen har prøvd ut ei ordning med utviklingstid for leksikografane, òg som eit tiltak for å bygge fagmiljøet. 95 dagar redaktørtid blei innvilga til å skrive artiklar, drive forskingsformidling, skrive dokumentasjon av datasystem og arbeid med doktorgradsavhandling. Ein leksikograf blei tilsett på Revisjonsprosjektet i 100 frå 1. august og ut 2020 for å dekkje opp for tiltaket med utviklingstid.

Resultat fagfelleverderte artiklar:

Lyse, Gunn Inger. 2020. «Ut med adamsslekt og inn med arveprinsesse? Leksikografiske metodar i revisjonen av BOB og NOB». I: Sandström, Caroline et al. (red): *Nordiska studier i lexikografi, Rapport frå 15 konferensen om lexikografi i Norden*. Helsingfors: Nordisk Förening för lexikografi, s. 215–224.

Lyse, Gunn Inger og Terje Svardal. 2020. ««Den raude rase» og «negerfolk»: kontroversielle ord i Bokmålsordboka og Nynorskordboka». I: *LexicoNordica nr. 27*, s. 77–96.

Selback, Bente. 2020. ««Å nei, det ordet er ikkje lov på nynorsk!» Eller ...? Om parallell redigering av to norske ordbøker». I: Sandström, Caroline et al. (red): *Nordiska studier i lexikografi, Rapport frå 15 konferensen om lexikografi i Norden*. Helsingfors: Nordiska föreningen för lexikografi, s. 297–305.

Selback og Svarstad har dessutan skrive førsteutkast til ein artikkel som skal bli publisert i 2021.

Resultat anna utviklingsarbeid:

Rauset, Margunn og Johan Myking. 2020. «Norsk Ordbok no og i framtida (og i nær fortid)». I: Almenningen, Olaf et al. (red): *Leksikografen frå Leksvika. Festskrift til Laurits Killingbergtrø på åttiårsdagen 20. februar 2020*. Oslo: Novus Forlag, s. 167–173.

Selback, Bente. 2020. ««Noko gammalt, noko nytt ...» Om revisjonen av Bokmålsordboka og Nynorskordboka». Språkprat. <https://sprakprat.no/2020/09/24/noko-gammalt-noko-nytt/>

Lyse skreiv dokumentasjon av den spesialtilpassa leksikografiske korpusressursen Korpuskel leks og dei nyutvikla redigeringsapplikasjonane. Dette er arbeid som kjem noverande og komande leksikografar både på Revisjonsprosjektet, NO-AH, andre leksikografiske prosjekt som får bruke korpussamlinga vår, og studentar på fagtilbodet i leksikografi til gode.

Rauset fekk skrive vidare på doktorgradsavhandlinga si om leksikografisk behandlinga av norsk fraseologi.

8.6 Korpusseminar i Volda

Høgskulen i Volda (HVO) fekk overført 100 000 kr av ekstraløyvinga for å arrangere korpusseminar. HVO skal bidra til å vidareutvikle Nynorskorpuset, og overføringa skulle auke kompetansen på dette området og fremje det leksikografiske samarbeidet mellom UiB og HVO.

Resultat: Det planlagde seminaret med utgangspunkt i Nynorskorpuset blei utsett til 3. februar 2021: <https://www.hivolda.no/zoom-seminar-om-korpusutvikling>

8.7. Oppsummering

Det har vore ein stor fordel for prosjekta at vi kunne disponere midlane ut frå dei behova vi sjølve meinte var størst, basert på dei nokså romslege føringane for korleis ekstraløyvinga for 2020 skulle brukast. Vi har kunne tilsetje og lære opp to nye leksikografar, og med den store og varierte aktiviteten på og knytt til prosjekta, har det vist seg å vere nødvendig med ein overordna leiar for det leksikografiske miljøet. Gjennom ulike tiltak ønskte å nå ut til unge språkvitarar om at her er det eit spennande fagmiljø under oppbygging, og det meiner vi at vi har lykkast godt med. Aktiviteten har vore høg, og alt i alt tykkjer vi at vi har fått mykje ut av løyvinga. Med unntak av overføringa til HVO, som var tenkt som ei eingongshending, meiner vi at alle tiltaka med fordel kan vidareførast i 2021.

Bergen, 24. januar 2021

Margunn Rauset

prosjektleder